

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rune Roalkvam	K2 - S11, K3 - &13	15/641

Saksnr	Utval	Type	Dato
066/15	Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)	PS	11.06.2015

Clemens Kraft AS - Bygging av Steinsåna Kraftverk - Høyring

Rådmannen si innstilling

1. Suldal kommune er i utgangspunktet positiv til søknad om bygging av Steinsåna kraftverk.
2. Av omsyn til det biologiske mangfaldet går ein inn for at utbygginga skjer etter Alt. II.
3. Av omsyn til friluftslivet i området må det leggest stor vekt på tilbakeføring, god byggeskikk og støyskjerming.

Sand, <dato>

Øyvind Valen
rådmann

Dokumentliste:

Clemens Kraft AS - Søknad om løyve til å byggje Steinsåna kraftverk - Høyring

Saksopplysningar:**Samandrag**

Planane omfattar ei røyrgate mellom Markosvatnet og Ritlandsvatnet. Det er påvist vesentlege naturverdiar i området, m.a. fleire raudlista artar. Rådmannen påpeikar også friluftslivsinteressene ved Ritlandsvatnet. Ein rår til at ein støttar søknaden, men går for eit redusert alternativ som skånar ei bekkekløft med raudlista artar.

Fakta

NVE har sendt søknad frå Clemens Kraft as om løyve til utbygging av Steinsåna kraftverk ved Ritlandsvatnet på høyring.

Heile søknaden ligg på www.nve.no/konsesjonssaker

Prosjektet omfattar inntak ved utløpet av Markosvatnet (378 moh.) og kraftstasjon ved Ritlandsvatnet (Vassbotn). Eit alternativ er inntak noko lenger nede i vassdraget (323 moh.) for å unngå inngrep i ei bekkekløft med viktig biologisk mangfald. Nedbørsfeltet er høvesvis 5,5 og 6.0 km².

Utbygginga vil gi gjennomsnittleg 7,4 GWh/år, 6,5 GWh/år ved alternativ inntaksstad. Pr i dag har ikkje Suldal Elverk linjekapasitet til å ta i mot krafta frå utbygginga. Minstevassføringa er sett til 10 liter/sekund.

Clemens Kraft as har avtale med dei 8 grunneigarane som har fallrettane i vassdraget om leige av desse.

Vassdraget er tidlegare påverka ved at det etter ei jordskiftesak er gjort inngrep som fordeler vassføringa på to bekkeløp, til Ritlandsvatnet og til Underbakkatjødna med 50% kvar.

Utbygginga omfattar ikkje areal ovanom skoggrensa og har heller ikkje magasin. Drifta vil i hovudsak skje vår og haust.

Konsekvenser av utbygginga

Biologisk mangfald: Det er registrert ei rekke raudlista artar innan utbyggingsområdet, vesentleg sopp, lav og moser ettersom det er desse gruppene som er best undersøkt. Det er vurdert at dei artane som veks i bekkekløfta like sør for Markosvatnet vil bli mest råka av utbygginga. Røyrtraseen på ca 20 m bredde går gjennom ein naturtype «rik blandingsskog i låglandet» med m.a. hule eiketre som er ein utvald naturtype på nasjonalt nivå, og vidare gjennom hogstflater og kulturskog. Deler av den rike blandingsskogen er alt utsett for flatehogst, og eiketrea ligg ikkje der traseen vil gå.

Landbruk: Røyrгатetraseen vil gå gjennom område med planteskog, og kan ikkje gro til med større tre. Produksjonsarealet blir dermed mindre.

Vassføring: Den største effekten er sjølvsgatt tørrlegging av Steinsånå. Vidare vil Underbakkatjødna få noko redusert tilsig og Ritlandsvatnet noko auka tilsig, men desse endringane er små.

Friluftsliv: Søknaden med vedlegg har ikkje fått med seg at Ritlandsvatnet og områda kring er svært

viktige og mykje brukte turområde. Ritlandsvatnet vert nytta m.a. til kano og bading.

Lover, føresegner, rundskriv

Vassressurslova; Forskrift om konsekvensutredninger etter sektorlover.

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak

I kommuneplan for Suldal (s. 24) er det teke inn retningslinjer for kommunen si handsaming av kraftverksøknader. Relevante punkt i dette høvet er:

5. Ein må ta særleg omsyn til utforming i område nytta til rekreasjon og fritidsføremål.

6. Ein må ta særleg omsyn til utforming i verna vassdrag og i område der kulturlandskap eller naturkvalitetar er viktige.

Vilkår 1: Det skal til vanleg krevjast minstevassføring slik at ein unngår turrleggjing av vasstrengar, med unnatak av vassdrag som er naturleg turrlagde i lengre periodar i normalår.

Vurdering og konklusjon

Kommuneplanen gir klare politiske føringar for korleis søknader om kraftutbygging skal handsamast. Grunnhaldninga er at ein er positiv til vidare kraftutbygging, og at omsynet til natur og friluftsliv skal skje i form av tilpassingar.

I hovudtrekk er utbygginga i samsvar med føringane gitt i kommuneplanen.

Det synest likevel klart at utbygginga vil kunna ha negative verknader både for det biologiske mangfaldet og for friluftslivet. Dei direkte negative verknadene for det biologiske mangfaldet kan reduserast ved val av det minst omfattande alternativet med inntak på eit noko lågare nivå.

Dei negative verknadene for friluftslivet vil vera inngrep i naturen, kraftstasjon like ved skogsvegen og støy frå denne. Naturverdiane i det biologisk interessante landskapet mellom Ritlandsvatnet og Markosvatnet gir potensiale for vidare utvikling av friluftslivtilbodet her.

Saman med det nærliggjande Drotninghei naturreservat, kulturminna i Kvednahålo og gravhaugane på Ritland utgjer desse verdiane ein stor potensiell ressurs for natur- og kulturbasert reiseliv, ikkje minst når nasjonal turistveg Ryfylke blir lagt gjennom Suldalsdalføret. Den bit-for-bit utbygginga av småkraft som har skjedd i dalføret dei siste tiåra, har ført til ein reduksjon av landskapsverdiane ved at fleire fossefall og bekkedrag er meir eller mindre turrlagde.

Slik nettsituasjonen er nå, kan ikkje vassdraget byggast ut før linjekapasiteten er auka. Dermed føyer utbyggingprosjektet seg inn i ei rekke slike prosjekt som det er gitt konsesjon til, men ikkje er utbygde av økonomiske og nettmessige omsyn. Det er etter det kommunen kjenner til, også uavklarte tilhøve når det gjeld bruk av skogsvegen inn langs vestsida av Ritlandsvatnet.

Rådmannen er skeptisk til større naturinngrep i mykje nytta friluftsområde og viktige naturområde, men meiner at dei politisk vedtekne retningslinjene ikkje tilseier at ein kan frårå prosjektet, då dei konkrete negative verknadene synest avgrensa. Ein rår likevel til at ein tek omsyn til påviste naturverdiar i bekkekløfta like nedstraums Markosvatnet og går for det reduserte alternativet. Dessutan bør det leggjast stor vekt på tilbakeføring, støyskjerming etc. av omsyn til friluftslivet.

LMT - handsaming:

Utvalet ønskjer å kunna vera med NVE når dei skal på synfaring

Røysting: Innstillinga mot 1 stemme

LMT: vedtak

1. Suldal kommune er i utgangspunktet positiv til søknad om bygging av Steinsåna kraftverk.
2. Av omsyn til det biologiske mangfaldet går ein inn for at utbygginga skjer etter Alt. II.
3. Av omsyn til friluftslivet i området må det leggest stor vekt på tilbakeføring, god byggeskikk og støyskjerming.

Oppfølging: Rune Roalkvam